

Til NVE

## **Høyringsuttalelse – saksnr. 202515156 – Fister Smolt, endring av reguleringsvilkår for Hetlandsvatnet**

Eg er grunneigar ved Hetlandsvatnet, gnr. 79 bnr. 4, og viser til søknaden frå Fister Smolt om regulering mellom LRV kote 45,8 og HRV kote 46,4 gjennom heile året.

Eg har ikkje som mål å motsetje meg søknaden, men ønskjer å peike på nokre forhold som eg meiner bør takast inn som vilkår dersom søknaden vert godkjend.

Mi bekymring gjeld særleg høg vasstand i vekstsesongen, spesielt om våren i april og mai, når dyrka mark er sårbar etter gjødsling og ved stor vassføring. Bekken som renn gjennom dyrka mark kan få problem med å kvitte seg med vatnet dersom Hetlandsvatnet står høgt. Dette kan føre til oppstuvning, erosjon og utvasking av jord og næringsstoff.

Det er også noko usikkert korleis vatnet vil oppføre seg ved den omsøkte reguleringa gjennom heile året, sidan dette ikkje har vore praktisert på same måte før. I tillegg må ein ta høgde for meir ekstremnedbør og endra klima framover.

Eg har vore i dialog med Fister Smolt om saka. Eg oppfattar dei som interesserte i å finne gode løysingar og halde ein god dialog.

Eg legg ved avtale frå 2015 mellom Fister Smolt og meg som grunneigar. I 2016 vart det gjennomført utbetringar/heving av terreng på eigedommen min etter denne avtalen. Innspelet mitt er ikkje meint som ei motsetjing til denne avtalen, men som ei presisering av behovet for klare vilkår for framtidig regulering, særleg nulltoleranse for å overstige HRV kote 46,4 i vekstsesongen.

Eg ber derfor om at ei eventuell godkjenning av søknaden vert gitt med følgjande vilkår:

- 1 Det må vere nulltoleranse for å overstige HRV kote 46,4. Dette er særleg viktig i vekstsesongen, når dyrka mark er mest sårbar for oppstuvning, erosjon og utvasking. HRV må vere ei absolutt øvre grense, ikkje eit nivå ein kan liggje over ved mykje nedbør.
- 2 Fister Smolt må ha rutinar for førebyggjande nedtapping når det er meldt store nedbørsmengder eller flaumfare, særleg i april og mai.
- 3 Reguleringa må skje i forkant av varsla nedbør, ikkje først etter at vasstanden har blitt eit problem.
- 4 Dersom HRV kote 46,4 likevel vert overskriden og dette fører til skade på dyrka mark, erosjon eller utvasking, må Fister Smolt ha ansvar for konsekvensane.

Eg meiner dette er nødvendige og rimelege vilkår for å sikre at reguleringa ikkje gir unødvendig risiko for jordbruksarealet mitt.

### **Vedlegg:**

1. Avtale mellom Fister Smolt AS og Joar Hauge frå 2015

Med helsing

Joar Hauge